


(Utkast)

«Nordhordland kommune»

Forhandlingsutvalet til Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy sitt framlegg til intensjonsavtale for ny kommune



Versjon 03 intensjonsavtale Nordhordland kommune

Arbeidsutkast til møte 23.02.16



1. Innleiing

Kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy tek sikte på å danna ein ny kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som vedtar om kommunane skal slå seg saman eller ikkje.

Kommunane i Nordhordland vedtok i 2010 å setja i gong ein prosess om å utgreia endra kommunestrukturar. Dette arbeidet gav viktig kunnskap og grunnlagsmateriale, som kommunane har hatt stor nytte av i arbeidet som vart formalisert etter Stortingsvedtaket om kommunereforma i 2014.

I tillegg til å sjå på heile Nordhordland som ein kommune har Lindås, Meland og Radøy gjennomført eigne forhandlingar. Dette resulterte i ein intensjonsavtale som vart presentert for dei andre kommunane på Nordhordlandstinget 28. januar. Dei tre kommunane inviterte dei andre kommunane til å sjå på om der er grunnlag for ein stor kommune i Nordhordland. Den invitasjonen takka dei andre kommunane **Ja** til.

Avtalen byggjer på ein føresetnad om at ein ny kommune vil stå sterkare for å løysa utfordringane i framtida enn dei eksisterande kommunane har kvar for seg. Den nye kommunen får om lag 36 000 innbyggjarar og vil dekke eit areal på 2 183 km². Dette inneber at Nordhordland kommune vert den nest største kommunen i Hordaland og blant dei 23 største i landet målt etter folketal. Etter areal så vert dette den største kommunen i Hordaland og den 21. største i landet. Denne kommunen får store og verdifulle areal som den skal forvalte. Det vert også store avstandar som set andre krav til utforming av tenestene og administrasjon.

Det har også vore sentralt for oss å byggja vidare på det frivillige arbeidet som har gått føre seg sidan 2010, og å kombinera føringane i kommunereforma med eigne idèar om korleis me best tener innbyggjarane sine interesser i framtida, og sikrar at Nordhordland vert ein vekstkraftig, sterk og attraktiv region.

Etter at intensjonsavtalen er handsama i kommunestyra, vert det lagt opp til ein brei medverknadsprosess i form av folkemøter, folkeavrøysting og/eller innbyggjarundersøking som ein er pliktig til etter lova. Kwart kommunestyre avgjer spørsmålet om folkeavrøysting, innbyggjarundersøking eller anna høyringsform.

Me ser fram til godt engasjement og konstruktiv dialog i denne viktige avgjerda for dei åtte kommunane. Innspela i medverknadsprosessen kan påverka den endelege intensjonsavtalen som skal handsamast i kommunestyra i juni 2016.



2. Bakgrunn - kvifor ein ny kommune

Nordhordland er i stor grad ein felles bustad- og arbeidsregion. Reisetida innan regionen og til Bergen har vorte betydeleg redusert på grunn av betre kommunikasjon. Dette har gitt grunnlag for vekst i folketalet og næringslivet i regionen. Veksten har vore spesielt stor etter at olje og gass kom til Mongstad og Nordhordlandsbrua vart realisert. For å få til vekst i heile regionen framover vil god infrastruktur vere avgjerande. Nye framtidretta arbeidsplassar i regionsenteret vil også vera viktig for auka folketal i resten av Nordhordland. Ved å få ein kommune i Nordhordland får vi eit naturleg areal- og samfunnsutviklingsområde som vil legge til rette for vekst og ein god samhandling med andre aktørar som fylke, Bergen og næringslivet.

Næringslivet i regionen synes å stå framfor store endringar og stor usikkerhet. Ein større kommune vil ha eit større potensiale til å ha proaktiv samfunnsutviklar rolle.

Kommunane i Nordhordland samarbeider i dag på mange område. Kravet til meir spesialiserte tenester vil auka. Vi får ein eldre befolkning som vil krevja auka tenester. Andelen av befolkninga som er i yrkesaktiv alder vil reduserast. Det gjer at konkurransen som arbeidskrafta vil auka. Vi må vera ein attraktiv region der ungdom med god kompetanse vil flytta tilbake. Vi ønskjer ein stor kommune som kan vera offensiv i å ta på seg nye oppgåver som vil gi eit heilskapleg tenestetilbod til våre innbyggjarar. Vi vil ivareta og vidareutvikla tenestene for våre innbyggjarar.

I tidlegare utgreiingar er sentrale utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter for regionen fram mot 2040 lagt vekt på.

Det er **fordelar** og **ulemper** ved å etablere ein ny kommune. Dette er eit tema som forhandlingsutvalet har jobba grundig med, mellom anna i møte 27.05.15. I rapportane frå Telemarksforsking frå 2013 er dette også belyst. Utgreiingar har peika på Det vil også vere slik at noko som er ein fordel også kan vera ein ulempe. Som til dømes kan større avstand til sakshandsamar vere ein ulempe, vanskelegare å få tak i har mindre lokal kunnskap osv. Samstundes kan det vere ein fordel fordi sakshandsamar er meir spissa mot fagområdet og problemet med habilitet vert mindre.

Den største fordelen med ein større kommune er at det vert betre samsvar mellom det som er ein bu- og arbeidsregion og at ein lettare får til ein heilskapleg og samordna utvikling. Ein større kommune vil ha større påverknadskraft overfor sentrale og regionale myndigheiter. Nokre av dei andre fordelane med ein større kommune er ved sterkare fagmiljø som sikrar rekruttering og god og spissa kompetanse, mindre problem med habilitet, betre kvalitet og mangfald på tenestetilbodet, betre heilskapleg arealutnytting, moglegheiter til å prioritera næringsarbeid og godt jordvern. -samt større påverknadskraft overfor sentrale og regionale myndigheiter. Den nye kommunen vil bli ein større og meir ressurssterk



kommune med betre økonomisk soliditet og handlingsrom, og vil dermed vera betre i stand til å handtere nye og større oppgåver samt omstilling innan arbeidsmarknaden. Den nye kommunen vil stå betre rusta til å møte den forventa veksten i innbyggjartall (48 000 i 2040) med eit auka tal eldre.

Nokre av *ulempene* vil ~~kunne~~ vera større geografisk avstand innan kommunen (både for innbyggjarar, tilsette og folkevalde), konsentrasjon av kommunale tenester, lengre beslutningslinjer, svekka lokalkunnskap hjå sakshandsamarar, mindre samhandling på tvers av tenestene, samt lågare engasjement og politisk involvering frå innbyggjarane. Desse ulempene vil vi mellom anna møte ved å ha nærsentra som sikrar at innbyggjarane skal få sine tenester nærast mogeleg der dei bur. Kommunane Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen har i dag ein lågare arbeidsgjevaravgift. Det er fare for at den kan bli tatt vekk frå desse områda frå 2021.

3. Samfunnsoppdrag, visjon, verdiar og mål

Samfunnsoppdrag

Saman skal me byggja ein sterkare kommune med auka lokalt sjølvstyre, og som er betre i stand til å ta imot fleire oppgåver.

Visjon

”Nordhordland kommune skal vera ein slagkraftig og heilskapleg samfunnsutviklar med sterk utvikling og vekst.”

Verdiar

Alle kommunar er likeverdige partar.

Me skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon.

Mål

Byggja ein ny kommune for å møte framtida sine utfordringar.

Den nye kommunen skal vera ein god, attraktiv felles bu- og arbeidskommune.

Halda på, rekruttera og utvikla den beste fagkompetansen for å betra tenestetilbodet.

«Nordhordland kommune» skal vera ein slagkraftig og heilskapleg samfunnsutviklar i ein kommune med sterk utvikling og vekst.»

Målet er å få på plass ein sterkare kommune med auka lokalt sjølvstyre, og gjera kommunen betre i stand til å ta imot fleire oppgåver.

4. Hovudprinsipp

- Ha likeverdige tenester i heile kommunen



- Byggja vidare på felles identitet og kultur
- Vidareføra lokal tenesteproduksjon der brukarane bur
- Ha innbyggjarrettleiing i alle rådhusa
- Involvera innbyggjarar, tilsette og næringsliv
- Ta med beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen
- Digitalisera dialogen med innbyggjarane tilpassa dei ulike målgruppene

Alle kommunar er likeverdige partar. Me skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon. Den nye kommunen skal vera ein god, attraktiv felles bu- og arbeidsregion.

Følgjande mål er sentrale:

- ~~Byggja ein ny kommune for å møte framtida sine utfordringar~~
- ~~Vidareføra lokal tenesteproduksjon der brukarane bur.~~
- ~~Ha likeverdige tenester i heile kommunen.~~
- ~~Rekruttera, halda på og utvikla den beste fagkompetansen for å betra tenestetilbodet.~~
- ~~Ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen.~~
- ~~Byggja vidare på felles identitet og kultur.~~
- ~~Involvera innbyggjarar, tilsette og næringsliv.~~
- ~~Ha innbyggjarrettleiing i alle rådhusa.~~
- ~~Digitalisera dialogen med innbyggjarane tilpassa dei ulike målgruppene.~~

3.5. Den nye kommunen – namn, organisering og styring

Namnet på den nye kommunen er Nordhordland.

Arbeidet med kommunevåpen og -symbol startar etter at avgjerda om ny kommune er teken.

Me er samde om at kommunesenteret vert lagt til Knarvik.

Den nye kommunen skal byggja vidare på den felles kulturen og identiteten som er i kommunen. Nynorsk skal vera administrasjonsspråk.

Rådmann med dei mest sentrale funksjonane skal sitja på rådhuset i kommunesenteret. Rådhusa i Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy skal ha kommunale funksjonar i den nye kommunen. Det skal vera innbyggjarrettleiing i alle rådhus med vekt på størst grad av desentraliserte tenester.

Regionsenteret Knarvik vil vera kommunesenteret i den nye kommunen. Lokal- og nærsenter vil bli lokalisert på Fedje, Mastrevik, Mo, Eivindvik, Sandnes, Hosteland, Ostereidet, Lindås, Frekhaug, Vikebø og Manger. Det skal leggjast til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet.




Ved vidareutvikling og organisering av den nye kommunen skal systematisk erfaringsoverføring og læring leggjast til grunn. Kontinuerleg forbetring og fornying skal prega utviklingsarbeidet i den nye kommunen.

4.6. Demokratimodellen

Kommunen skal styrast etter formannsskapsmodellen med politisk utval og gjennomgåande representasjon.

Kommunestyret skal bestå av 43 medlemmar. Formannskapet skal ha 13 medlemmar. Alle kommunestyrerepresentantane skal sitja i minst eitt anna politisk organ. Det vert lagt opp til 4 hovudutval innan oppvekst og kultur, helse og omsorg, samfunnsutvikling og administrasjon. I tillegg kjem lovbestemte utval og diverse råd og komitear.



Kontrollutvalet skal bestå av 7 medlemmarpersonar, 3 av desse skal vera kommunestyrerepresentantar. Administrasjonsutvalet skal bestå av 4 politiske medlemmær og 3 medlemmær frå dei tilsette sine organisasjonar. Dei politiske medlemmæne skal vera medlemmær i formannskapet.

Kommunestyret vel eit lokalutval i Modalen med heimel i kommuneloven § 10. Dei som vert valt til utvalet skal bu i Modalen kommune. Utvalet skal også ha sekretariatsbistand frå administrasjon.

Utvalet rapporterer på vanleg måte til kommunestyret. Utvalet skal forvalte konsesjonsavgiftene som kommunen har med grunnlag i Modalen kommune.

Lokalutvalet kan også gi uttale i saker som særleg vedrører Modalen.

Utvalet har 5 medlemmar.



5.7. Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse

Når me skal ta stilling til korleis me skal organisera dei kommunale tenestene, er det viktig å vurdera dette i lys av behovet i framtida. Ein ny kommune skal handtera framtida, ikkje dagens situasjon.

Tenesteyting

Tenestetilbodet skal vera på det same nivået som i dag. Gjeldande planar vert vidareført inntil den nye kommunen vedtek nye.

Innbyggjarane skal motta desentraliserte tenester. Heile omsorgstilbodet skal ivareta at innbyggjarane får nærleik til tenestene. Sjukeheimsplassar, bufellesskap, omsorgsbustader og bu- og servicesenter skal vera nærast mogleg der innbyggjarane bur, for å sikra lokal identitet og nærleik til tenestene. Lokale helsestasjonar vert vidareført.

Den nye kommunen skal vera ein god oppvekst-, barne- og ungdomskommune. Ingen skular skal leggjast ned som følgje av ei kommunesamanslåing,. Skulekrinsgrenser i ein ny kommune bør følgja nærskuleprinsippet. Skulane på Fedje og i Modalen skal oppretthaldast.

Bibliotek, institusjonskjøkken og frivilligsentralane vert frå starten vidareført med dagens lokalisering.

Den nye kommunen vil bygge vidare på og stimulere det lokale mangfaldet som er av frivillige lag og organisasjonar innafor kultur og idrett. Den nye kommunen vil arbeida for å realisera eit felles regionalt kulturhus.

Nordhordland har ei livskraftig kyrkje med rom for dei frivillige organisasjonane og det er eit mangfald av ulike trussamfunn. Den nye kommunen vil vidareføra samarbeidet med kyrkja og trussamfunna elles.

Den nye kommunen skal fylgje dagens lovverk - kyrjelova som betyr at det må opprettast eitt (1) nytt kyrkjeleg fellesråd . Kyrkja må sjølv setja i verk ein prosess mot eit nytt fellesråd.

Det vil vera naturleg å samordna kompetanse, der det er trong for å styrkja kompetansemiljø- og utvikling for å sikra eit godt tenestetilbod.

Den nye kommunen vil prioritera IKT i informasjon og dialog med innbyggjarane, og ynskjer å vera i front når det gjeld IKT i tenesteproduksjon. Omsorgsteknologi skal vera eit satsingsområde i den nye kommunen.



Eventuelle endringar skal handterast som ein planprosess med involvering/høyring.

Samfunns- og næringsutvikling

Me vil satsa målretta på infrastruktur og heilskapleg arealpolitikk. Gjeldande kommuneplanar pr. 1.1.2020 (herunder arealdelen) vil gjelda inntil det nye kommunestyret har vedteke ein ny kommuneplan. Gjennom strategisk samfunns- og næringsutvikling vil me styrkja eksisterande, skapa og leggja til rette for nye arbeidsplasser. Den nye kommunen skal vera nyskapande og utvikla nye næringsareal med fokus på framtidretta næringsliv. Knarvik skal vera eit sterkt regionsenter i fylkessamanheng.

Den nye kommunen skal jobba for effektiv internkommunikasjon og for å realisera lokale samferdsleprosjekt, t.d. (ikkje prioritert):

- Nyborgtunnelen
- Alversund bru
- Sambandet Vest
- Ringveg Nordhordland
- Masfjordbrua/fv 570
- Modalen – oppgradering – fv 569
- Endra Fylkesveg 57 ~~bør bli~~ riksveg – (er ein del av kystvegen – Ålesund – Bergen)

Den nye kommunen vil ha målretta satsing på betre ferje/snøggbåt/buss og rutetilbod og med særskilt fokus på Fensfjordsambandet og Fedje og snøggbåt Nordhordland - Bergen. Som del av dette må det leggest til rette for betre innfartsparkering. Båt til byen ... Ferja til Fedje.

Me vil vera ein pådrivar for å halda fram utbygginga av mobilnettet og breibandstilbodet i alle delar av kommunen.

Heilskapleg vidareutvikling av infrastrukturen for vatn og avløp (VA).

Den nye kommunen skal vera ein samla nærings, arbeids- og utdanningskommune. Det er viktig at dei unge har eit godt, lokalt tilbod innan vidaregåande opplæring. Kommunen vil arbeida for at Knarvik vidaregåande skule har eit breitt og mangfaldig tilbod. Kommunen skal arbeida for å styrkja Austrheim VGS med breitt tilbod av utdanningsprogram, og arbeida for realisering av nybygg. Den nye kommunen vil arbeida aktivt for at det skal opprettast eit universitets-/høgskuletilbod i kommunen, gjerne knytt til lokalt næringsliv.



Nordhordland kommune skal motivera og støtta næringsliv og innbyggjarar til utvikling av den nye kommunen.

Den nye kommunen vil utarbeida ein klima- og miljøplan. Når ein utarbeider ein ny klima- og miljøplan vil ein ha særskilt fokus på alternative energiformer, miljøeffektive løysingar og å førebyggja negative klimaendringar gjennom lokal handling.

Interkommunale samarbeidsavtalar, interkommunale og kommunale selskap skal gjennomgåast.

Prinsipp for kompetanse

Rett kompetanse er grunnlaget for eit godt tenestetilbod. Det skal vera eit prioritert satsingsområde å skaffa, utvikla og halda på fagpersonar.

Ein større og meir slagkraftig kommune skal føra til at det vert meir attraktivt å arbeida i kommunen, og bidra til fleire stillingar dedikerte til spesialfunksjonar. Kompetansekartlegging skal bidra til betre oversikt og danna grunnlaget for ein kompetanseplan om rekruttering, organisering og fagutvikling.

6.8. Økonomi - harmonisering av skattar og avgifter

Det er eit mål at ingen innbyggjarar skal få høgare kommunal eigedomsskatt som følgje av ein ny kommune. Det er semje om å harmonisere skattar og avgifter. Prisnivået på kommunale tenester, gebyr og eigedomsskatt skal vera likt i heile den nye kommunen. Det inneber at den nye kommunen fjernar eigedomsskatten på hus og hytter.

Det vert fastsett overgangsreglar for første valperiode (2019-2023).

Forslag til nytt inntektssystem er sendt ut på høyring. Den nye kommunen kjem relativt betre ut i høve dei endringane som til no er kjend. Endelege konsekvensar vil bli avklåra i løpet av våren 2016.

[Den nye kommunen vil ta imot økonomiske midlar til eingongskostnader og reformstøtte ved endra kommunestruktur. Totalt vil det utgjere 80 mill kr.](#)

Investeringsprosjekt

Vedtekne investeringsprosjekt vert vidareført i den nye kommunen. Alle investeringsprosjekt skal vera økonomisk forsvarlege og ha ei sikker finansiering. Investeringsprosjekt innarbeidd i dei tidligare kommunane sine økonomiplanar når søknad om å etablere ein ny kommune vert vedtatt, prioriterast i den nye



kommunen sitt budsjett og økonomiplan. Det er ein føresetnad at prosjekta er fullfinansiert i balansert budsjett og økonomiplan.

Fond

Etablering av den nye kommunen vil gje grunnlag for effektiviseringsgevinstar m.a. innan felles politisk og administrativ styring og leiing. Frigjorte midlar og ressursar skal nyttast til å styrkja handlefridomen og ved å setje av midlar til eit bygge kommunalt utviklings- og næringsfond.

Det vert etablert eit infrastrukturfond, som nyttast til samferdsle, fiber/breiband og andre kommunikasjonssaker i kommunen. Grunnkapitalen i Finansieringa av fondet vert konsesjonskraftmidlar som i dag går til fylkeskommunen, skatt av nye kraftlinjer, arealavgift nye oppdrettsnesjesjonar og ein del av eigedomsskatten på verk og bruk. Kapitalen kan seinare utvidast. *(Nærare plan og retningslinjer om dette vil bli utarbeidd innan endeleg vedtak)*

~~Den nye kommunen vil ta imot økonomiske midlar til eingongskostnader og reformstøtte ved endra kommunestruktur.~~

Modalen lokalutval – forvaltning

Midlane skal inngå i kommunen sitt rekneskap på vanleg måte. Eventuelt overskott/underskott vert ført mot eit fond.

Midlane knytt mot konsesjonavgift skal nyttast til tiltak som er til det beste for innbyggjarane i Modalen. Dei skal nyttast til næringsutvikling, frivillig arbeid, kultur, idrett og lokal utvikling.

- Tilskot til næringsutvikling
- Tilskot til kulturtiltak
- Tilskot til tiltak i landbruket
- Etablerarstipend
- Støtte opp om idrett og friluftsliv
- Tilskot til bustadsetablering
- Tilskot til arbeid med omstilling og innovasjon.

Uttak av konsesjonskraft til eige bruk i Modalen vert vidareført og distribuert av Modalen kraftlag BA.

7.9. Kommunen som arbeidsgjevar - administrative prosessar

Den nye kommunen skal vera raus og inkluderande. Me er samde om å etablera ein arbeidsgjevarpolitikk som bidreg til å samla og utvikla arbeidstakarane i den nye kommunen, og som skaper gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar.



Det vert lagt opp til høg grad av medverknad på lokalt og sentralt nivå, både under etablering av den nye kommunen og etter at denne er etablert.

Å byggja ein ny kommune er teknisk sett ei verksemdsoverdraging. Det inneber at dei tilsette er sikra rettane som er fastsette i lov- og avtaleverk.

Framlegg til prinsipp for vidare drøftingar med arbeidstakarorganisasjonar:

- Alle tilsette har rett på jobb i den nye kommunen, og skal ikkje få reduksjon i løna si.
- Endringsoppseiingar.
- Berørte leiarar (over tenestestadleiar) skal søkja på nye leiarjobbar.
- Openheit og dialog. Kommunikasjonsstrategi skal prioriterast.
- Omstillingsavtale (grunnlaget for samhandling med tillitsvalde).
- Tillitsvalde skal vera representert i styringsgruppene i kvar kommune .
- Drøftingsmøte, eventuelt høyringar, i samband med intensjonsdokumentet
- Jamlege orienterings- og/eller drøftingsmøter i prosessen.

8.10. Kommunikasjonsplan

Gjennom aktiv kommunikasjon og brei medverknad skal me sikra at alle får god informasjon og vert hørt om den pågåande reformprosessen.

Ein felles kommunikasjonsstrategi **er skal** utarbeidast med målretta satsing på eksternt og intern informasjon. Me viser til eigen kommunikasjonsplan.

9.11. Vegen vidare

Dette dokumentet er eit framlegg til felles intensjonsavtale. Framlegget skal handsamast i alle kommunestyra i mars.

Det er lagt opp til brei medverknadsprosess og innbyggjardialog utover våren. Forhandlingsutvalet kjem saman igjen i løpet av våren, og vil då oppdatere og utarbeida ein endeleg intensjonsavtale som vert lagt fram for kommunestyra for avgjerd 22. juni.

Kommunestyra fattar endeleg avgjerd i spørsmålet om kommunestruktur 22 juni 2016. For å sikra framdrift i prosessen etter junivedtaket vil Forhandlingsutvalet arbeida med å førebu samanslåing og koordinera samarbeidet mellom kommunane fram til Fellesnemnd er valt (jf. Inndelingslova).



Inndelingslova av 2001 set rammene for korleis samanslåinga skal gjennomførast.

Når Stortinget har fatta vedtak om at kommunar kan slå seg saman skal det opprettast ei Fellesnemnd (Inndelingslova § 26). Fellesnemnda for Nordhordland kommune skal ha 31 medlemmaer med følgjande fordeling på kvar kommune:-

<u>Kommune</u>	<u>Tal medlem</u>
<u>Lindås</u>	<u>7</u>
<u>Meland</u>	<u>5</u>
<u>Radøy</u>	<u>4</u>
<u>Austrheim</u>	<u>3</u>
<u>Gulen</u>	<u>3</u>
<u>Masfjorden</u>	<u>3</u>
<u>Fedje</u>	<u>3</u>
<u>Modalen</u>	<u>3</u>

Det skal også veljast varamedlemmaer til nemnda.

Medlemmene vert valt av og blant medlemmene i kommunestyra. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar. Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane.

Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet består av fellesnemnda sine medlemmer og to representantar frå kvar kommune. Desse er utpeika av dei tilsette sine organisasjonar.

Dersom samanslåing blir gjennomført pr. 1. januar 2020 blir det ordinært kommunestyreval hausten 2019.

Knarvik, 1. mars 2016

